



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Siren Økland Vardøy, 55 57 22 77

Vår dato  
13.12.2013  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/16071  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

2170sva

### Tilskottsbrev - fagkoordinatorar rådgjevnad - opplæring innanfor kriminalomsorga

Fylkesmannen i Hordaland er delegert det nasjonale ansvaret for opplæring innanfor kriminalomsorga. Me har etablert nasjonale fagnettverk for lærarane på feltet for å ivareta det særreigne med opplæring innanfor rammene av kriminalomsorga. Til å drive nettverka på dei ulike fagområda og arrangere landsdekkjande fagsamlingar, oppnemner me fagkoordinatorar innan ulike fagområde.

Målsetjinga med tilskotet/tildelinga er å gjere fagkoordinatoren i stand til å vere ein aktiv del av det faglege nettverket og utføre oppgåvene som kjem fram i vedlagte skriv, på ein god måte.

Etter avtale med rektor og lærar/rådgjevar ved skulen oppnemner me:

|                     |                                     |
|---------------------|-------------------------------------|
| <b>Namn:</b>        | Ida Jorem og Hege Øvstegård         |
| <b>Skule:</b>       | Åsane vgs                           |
| <b>Fagområde:</b>   | Rådgjevnad                          |
| <b>Tidsperiode:</b> | 1. januar 2014 – 31. desember 2014. |

### Tildeling

For året 2014 blir **kr 60.000,-** overført til Hordaland fylkeskommune som skal dekkja utgifter til arbeid og reiser for fagkoordinatorane. Ein del av summen, 10 000 kr, er sett av til å dekkje kostnader i samband med fagsamlingar, til dømes utgifter for faglege innlegg. Summen blir overført til Hordaland fylkeskommune, kontonummer 5201 06 74239, merka *fagkoordinator*.

Fylkesmannen i Hordaland oppmodar rektor på skulen til saman med fagkoordinatoren å avtale korleis tilskotet skal nyttast for å få mest mogleg kontinuitet i koordineringsarbeidet. Fylkesmannen i Hordaland ber om eit revisorrevidert rekneskap for bruken av alle tildelte midlar innan 01.03.2015, jf. 1.3 i *Avtale om statlig tilskudd til fenselsundervisningen* (15. juli 1988). Me gjer og merksame på at §10 i Bevilgningsreglementet gjev Departementet, Fylkesmannen og Riksrevisjonen høve til å føre kontroll med at tildelte midlar blir nytta i samsvar med gjeldande føresetnader.

Fylkesmannen i Hordaland ser fram til vidare samarbeid.

Med helsing

Anne Hjermann  
Utdanningsdirektør

Siren Økland Vardøy  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Fagnettverket – fordeling av oppgåver og ansvarsområde 2014

Kopi til:  
Åsane vgs  
Hege Øvstegård  
Ida Jorem